



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 27.09.2016

Sak nr.: 16/5238-3

Internt l.nr.: 32463/16

Sak: 80/16

Tittel: Høring - tiltak mot negative miljøeffektar av medikamentell behandling mot lakselus

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår departementet til å opprette soner der badebehandlingsvatn ikkje kan tømast.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd med departementet i at tidsintervallet mellom kvar behandling med kitinsyntesehemmarar vert auka frå 3 til 6 månader, og at desse medikamenta ikkje skal brukast på lokaliteter som ligg nærare enn 1 000 meter frå rekefelt.
3. Når det gjeld krav om avstand frå gytefelt må det presiserast kva for gyteområde det er snakk om, så langt er det berre dei kartlagde gyteområda for torsk som er verifisert av Havforskningsinstituttet.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune finn det rimeleg å pålegge oppdrettsverksemdene å gjennomføre risikovurdering av miljøkonsekvensane av ei lusebehandling. For å unngå misforståingar om kva kunnskap som skal leggest til grunn for vurderingane må det avklarast kva for allment kjent kunnskap som minimum skal nyttast. Døme på offentleg tilgjengeleg informasjon som kan vere aktuell: naturbase, artsdatabank, naturtypekartlegging.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 2:

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd med departementet i at ein må vere restriktive i bruken av kitinsyntesehemmarar og særleg i nærleiken av rekefelt.

Ein viser til at det påkviler føreskrivande dyrehelsepersonell (veterinær eller fiskehelsebiolog) og ansvarleg for drift hjå oppdrettsverksemda eit særskild ansvar for både dyrehelse, dyrevelferd, matvaretryggleik, behandlingseffekt, resistensutvikling og påverknad på det ytre miljøet ved val og bruk av legemiddel.

Høgre sette fram slikt framlegg:

Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesdirektøren går ut.

Avrøysting:

Høgre sitt framlegg fekk 3 røyster (H og Frp) og fall.

Framstegspartiet sitt framlegg fekk 3 røyster (H og Frp) og fall.

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå fylkesdirektøren.

Punkt 1: Samrøystes vedteke.

Punkt 2: 5 røysta for, 3 røysta imot (H og Frp), tilrådinga vedteken.

Punkt 3: Samrøystes vedteke.

Punkt 4: 5 røysta for, 3 røysta imot (H og Frp), tilrådinga vedteken

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår departementet til å opprette soner der badebehandlingsvatn ikkje kan tømast.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd med departementet i at tidsintervallet mellom kvar behandling med kitinsyntesehemmarar vert auka frå 3 til 6 månader, og at desse medikamenta ikkje skal brukast på lokaliteter som ligg nærare enn 1 000 meter frå rekefelt.
3. Når det gjeld krav om avstand frå gytefelt må det presiserast kva for gyteområde det er snakk om, så langt er det berre dei kartlagde gyteområda for torsk som er verifisert av Havforskningsinstituttet.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune finn det rimeleg å pålegge oppdrettsverksemdene å gjennomføre risikovurdering av miljøkonsekvensane av ei lusebehandling. For å unngå misforståingar om kva kunnskap som skal leggest til grunn for vurderingane må det avklarast kva for allment kjent kunnskap som minimum skal nyttast. Døme på offentleg tilgjengeleg informasjon som kan vere aktuell: naturbase, artsdatabank, naturtypekartlegging.